

KOMMISJONSDIREKTIV 2000/67/EF

2002/EØS/23/23

av 23. oktober 2000

om oppføring av eit aktivt stoff (esfenvalerat) i vedlegg I til rådsdirektiv 91/414/EØF om markedsføring av plantefarmasøytiske produkter(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/414/EØF av 15. juli 1991 om markedsføring av plantefarmasøytiske produkter⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 2000/10/EF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 og artikkel 8 nr. 2 fjerde leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsforordning (EØF) nr. 3600/92⁽³⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 2266/2000⁽⁴⁾, er det fastsett nærmare reglar for gjennomføringa av den første fasen av det arbeidsprogrammet som er nemnt i artikkel 8 nr. 2 i direktiv 91/414/EØF (heretter kalla «direktivet»). I medhald av den førnemnde forordninga er det i kommisjonsforordning (EF) nr. 933/94⁽⁵⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 2230/95⁽⁶⁾, utarbeidd ei liste over aktive stoff som finst i plantefarmasøytiske produkt, og som skal vurderast med sikte på eventuell oppføring i vedlegg I til direktivet.
- 2) I samsvar med artikkel 5 nr. 1 i direktivet bør eit aktivt stoff først opp i vedlegg I dersom det kan ventast at verken bruken av eller restar av plantefarmasøytiske produkt som inneheld det aktuelle aktive stoffet, vil ha skadelege verknader på menneske- eller dyrehelsa eller på grunnvatnet, eller ha ein innverknad på miljøet som ikkje kan godtakast.
- 3) Eit slikt aktivt stoff kan først opp i vedlegg I for eit tidsrom på høgst ti år.
- 4) Verknadene av esfenvalerat på menneskehelsa og miljøet er i samsvar med føresegnene i forordning (EØF) nr. 3600/92 vortne vurderte for dei bruksområda som meldaren har gjort framlegg om. Portugal vart peika ut som rapporterende medlemsstat i medhald av forordning (EF) nr. 933/94 om utarbeiding av listen over aktive stoffer i plantefarmasøytiske produkter og utpeking av rapporterende medlemsstater for gjennomføringa av forordning (EØF) nr. 3600/92, og la fram den aktuelle

vurderingsrapporten for Kommisjonen 11. oktober 1996, i samsvar med artikkel 7 nr. 1 bokstav c) i forordning (EØF) nr. 3600/92.

- 5) Vurderingsrapporten er vorten handsama av medlemsstatane og Kommisjonen i Det faste plantehelseutvalet. Denne handsaminga vart avslutta 13. juli 2000 med den samanfattande rapporten til Kommisjonen om esfenvalerat.
- 6) Informasjonsmaterialet og opplysningane frå handsaminga er òg vortne lagde fram for Vitskapsutvalet for planter til fråsegn. I fråsegna si⁽⁷⁾ peika Vitskapsutvalet for planter på at medlemsstatane må setje i verk eigna risikoreduserande tiltak for å verne vassmiljøet og leddyr utanfor målgruppa.
- 7) Vurderingane syner at plantefarmasøytiske produkt som inneheld det aktuelle aktive stoffet, generelt kan ventast å stette krava i artikkel 5 nr. 1 bokstav a) og b) i direktivet, særleg for dei bruksområda som er granska. Det aktuelle aktive stoffet må difor først opp i vedlegg I for å sikre at plantefarmasøytiske produkt som inneheld esfenvalerat, kan verte godkjende, endra eller kalla tilbake i alle medlemsstatane i samsvar med føresegnene i direktivet.
- 8) I artikkel 8 nr. 2 i direktivet er det fastsett at medlemsstatane, etter at eit aktivt stoff er vorte oppført i vedlegg I til direktivet, innan ein fastsett frist skal kunne gje, endre eller kalle tilbake godkjenningane av plantefarmasøytiske produkt som inneheld det aktive stoffet. I artikkel 4 nr. 1 og artikkel 13 nr. 1 i direktivet krevst det særleg at plantefarmasøytiske produkt ikkje skal verte godkjende utan at det vert teke omsyn til dei vilkåra som er knytte til oppføringa av det aktive stoffet i vedlegg I, og til dei einsarta prinsippa som er fastsette i vedlegg VI, på grunnlag av eit informasjonsmateriale som stettar dei krava til data som er fastsette i artikkel 13 i direktivet.
- 9) Før oppføringa bør medlemsstatane og dei partane som det gjeld, få ein rimeleg frist til å førebu seg på dei nye krava som vert stilte som følgje av oppføringa. Etter oppføringa må medlemsstatane få ein rimeleg frist til å gjennomføre direktivet, og særleg til å endre eller kalle tilbake eksisterande godkjenningar eller gje nye godkjenningar i samsvar med føresegnene i direktiv 91/414/EØF. Det bør fastsetjast ein lengre frist for framlegging og vurdering av det fullstendige informasjonsmaterialet i vedlegg III for kvart einskilt plantefarmasøytisk produkt i samsvar med dei einsarta

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 276 av 28.10.2000, s. 38, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 112/2001 av 28. september 2001 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 60 av 6.12.2001, s. 21.

⁽¹⁾ TEF L 230 av 19.8.1991, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 57 av 2.3.2000, s. 28.

⁽³⁾ TEF L 366 av 15.12.1992, s. 10.

⁽⁴⁾ TEF L 259 av 13.10.2000, s. 27.

⁽⁵⁾ TEF L 107 av 28.4.1994, s. 8.

⁽⁶⁾ TEF L 225 av 22.9.1995, s. 1.

⁽⁷⁾ Vitskapsutvalet for planter, SCP/ESFEN/002, endeleg utgåve av 6. april 2000.

prinsippa som er fastsette i vedlegg VI til direktivet. For plantefarmasøytiske produkt som inneheld fleire aktive stoff, kan den fullstendige vurderinga på grunnlag av dei einsarta prinsippa først gjerast når alle dei aktuelle aktive stoffa er vortne oppførde i vedlegg I til direktivet.

- 10) Medlemsstatane bør syte for at den endelege versjonen av den samanfattande rapporten (bortsett frå fortrulege opplysningar som er nemnde i artikkel 14 i direktivet) vert stilt til rådvelde for eller gjort tilgjengeleg for innsyn frå alle dei partane som det gjeld.
- 11) Den samanfattande rapporten er naudsynt for at medlemsstatane på ein rett måte skal kunne gjennomføre fleire delar av dei einsarta prinsippa som er fastsette i vedlegg VI til direktivet, der desse prinsippa viser til vurderinga av dei dataa i vedlegg II som er lagde fram med tanke på oppføring av det aktive stoffet i vedlegg I til direktivet.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste plantehelseutvalet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Esfenvalerat vert ført opp som aktivt stoff i vedlegg I til direktiv 91/414/EØF, i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 31. januar 2002 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette. Dersom det er naudsynt, skal dei i samsvar med føresegnene i direktiv 91/414/EØF særleg endre eller kalle tilbake eksisterande godkjenningar for plantefarmasøytiske produkt som inneheld esfenvalerat som aktivt stoff, før den nemnde fristen går ut.

2. Når det gjeld vurdering og avgjerdstaking i medhald av dei einsarta prinsippa som er fastsette i vedlegg VI til direktiv 91/414/EØF, på grunnlag av eit informasjonsmateriale som stettar krava i vedlegg III til direktivet, vert likevel den fristen som er fastsett i nr. 1, lengd

- for plantefarmasøytiske produkt som inneheld esfenvalerat som det einaste aktive stoffet, til fire år etter at dette direktivet har teke til å gjelde,
- for plantefarmasøytiske produkt som inneheld esfenvalerat og eit anna aktivt stoff som er ført opp i vedlegg I til direktiv 91/414/EØF, til fire år etter at direktivet om oppføring av det siste av desse stoffa i vedlegg I har teke til å gjelde.

3. Medlemsstatane skal stille den samanfattande rapporten (bortsett frå fortrulege opplysningar som er nemnde i artikkel 14 i direktivet) til rådvelde for alle dei partane som det gjeld, eller gjere han tilgjengeleg for dei på oppmoding.

4. Når dei føresegnene som er nemnde i nr. 1, vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 1. august 2001.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 23. oktober 2000.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

*VEDLEGG***Esfenvalerat**

1. Identitet:

Vanleg namn:

Esfenvalerat

IUPAC-nemning:

(S)- α -cyano-3-fenoksybenzyl-(S)-2-(4-klorfenyl)-3-metylbutyrat

2. Særskilde vilkår som skal stettast:

2.1. Det framstilte aktive stoffet skal ha ein reinleik på minst 830 g/kg.

2.2. Berre bruk som insektmiddel kan tillatast.

2.3. For gjennomføringa av dei einsarta prinsippa i vedlegg VI skal det takast omsyn til konklusjonane i den samanfattande rapporten om esfenvalerat, særleg vedlegg I og II, som vart avslutta i Det faste plantehelseutvalet 13. juli 2000. I denne samla vurderinga skal medlemsstatane

rette særskild merksemd mot den moglege verknaden på vassorganismar og på leddyr utanfor målgruppa, og sikre at godkjenningvilkåra om naudsynt omfattar risikoreduserande tiltak.

3. Fristen for oppføring går ut 31. juli 2011.
